

Vurderingskriterium for munnleg-praktisk privatist-eksamen i biologi, fysikk, geofag, kjemi og naturfag

| Ferdigheit | Karakteren 5 og 6 Høg måloppnåing | Karakteren 3 og 4 Middels måloppnåing | Karakteren 2 (og 1) Låg måloppnåing |
|--------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Teori, modellar, omgrep | Viser solide fagkunnskapar med ubetydelege feil og manglar | Viser gode fagkunnskapar, men kan vise nokre feil og manglar | Viser fragment av fagkunnskap, men med vesentlege feil og manglar |
| | Kan i stor grad oppfatte og bruke informasjon | Kan i stor grad oppfatte og bruke informasjon | Kan i noko grad oppfatte og bruke informasjon |
| | Har gode analytiske ferdigheiter og tenkjer sjølvstendig, kreativ og kritisk | Kan i noko grad nytte kunnskap sjølvstendig og nytte den utover det rutineprega | Kan i liten eller inga grad nytte kunnskap sjølvstendig |
| | Ser relevante samanhengar, vurderer, tolkar og reflekterer godt over innhald i faglege tekstar på ein sjølvstendig måte | Ser i noko grad relevante samanhengar, skildrar og reflekterer i noko grad over innhald i faglege tekstar | Ser i svært liten grad relevante samanhengar. Kan til ei viss grad oppfatte og gjengi innhaldet i faglege tekstar, men kan i liten grad reflektere over innhaldet. |
| Kommunikasjon | Framstillinga er klar og presis med korrekt og relevant bruk av faglege omgrep og uttrykksformer | Framstillinga er grei å forstå, men det er nokre feil og manglar i bruken av faglege omgrep og uttrykksformer | Framstillinga er stort sett forståeleg, men røper klare feil og misstydingar. Bruker få eller ingen faglege omgrep og uttrykksformer |
| | Gjer godt greie for og argumenterer godt for egne og andre sine resonnement | Kan skildre andre sine resonnement, kan til ei viss grad gjennomføre og argumentere for egne resonnement | Gjengir til ei viss grad andre sine resonnement og gjennomfører enkle egne resonnement |
| | Presenterer fagstoffet fritt og sjølvstendig, men gjerne med støtte i strukturjevande punkt | Presenterer fagstoff med noko støtte i notatar/manus | Presenterer fagstoffet som innlærte (pugga) fraser og/eller kan i liten eller ingen grad presentere fagstoff utan manus |

| | | | |
|---------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Praktisk eksperimentelt arbeid | Gjennomfører forsøk sikkert og selvstendig og viser fortrulegheit med vanleg laboratorieteknikkar og -utstyr | Gjennomfører forsøk, men viser noko usikkerheit med vanleg laboratorieteknikkar og -utstyr | Kan med ein del hjelp utføre enkle forsøk og forsøk etter oppskrift, men viser liten grad av fortrulegheit med vanleg laboratorieteknikkar og -utstyr |
| | Kan samle inn, arbeide med og tolke data og resultat frå forsøk utan vesentlege feil og manglar | Kan samle inn data, men det førekjem nokre feil og manglar når resultatet skal arbeidast med og tolkast | Kan med noko hjelp samle inn enkle data og treng mykje hjelp og rettleiing for å kunne arbeide med og tolke resultat |
| | Forklarer selvstendig samanhengar mellom forsøk og teori og trekkjer haldbare konklusjonar basert på riktig tolking av resultatata | Forklarer i noko grad selvstendig samanhengar mellom forsøk og teori og trekkjer delvis haldbare konklusjonar | Ser i liten grad samanhengar mellom forsøk og teori og trekkjer ingen haldbare konklusjonar eller ein konklusjon på mistolka resultat |
| | Kan vurdere styrke og svakheit ved eit forsøk og komme med realistiske forslag til forbetringar | Kan i noko grad vurdere styrke og svakheit til eit forsøk, men utelet nokre klare svakheiter. Føreslår enkle openberre forbetringar | Kan i liten eller ingen grad vurdere styrke og svakheit til eit forsøk. Føreslår urealistiske forbetringar |

Eksamenskarakteren skal settast på ei samla vurdering av kvaliteten av kandidaten si måloppnåing slik den kjem fram på eksamen. For å få detaljert oversikt over læreplanen i faget og alle læreplanmåla, må ein gå til www.utdanningsdirektoratet.no
Eksaminering skal gi kandidaten høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg, jf. *Forskrift til opplæringslova*

Vurderingskriterium for privatistar (jf. Forskrift til opplæringslova §3-10) er utarbeidd av region Sør Vest i samarbeid med Opplæringsregion Nord.